



Frida og Birte vart godt motteke på skulen i Uskedalen

- Dette er ikkje fyrste gongen vi har ynskt nye elevar velkomen på denne måten, men det er nok fyrste gongen vi har fått så positive og hyggelege tilbakemeldingar.

Det seier rektor Vidar Haugland til uskedalen.no i samband med vår reportasje om dei to jentene som hadde første skuledagen sin på Uskedalen Oppvekstsenter tirsdag. Han strekar under kor viktig det er å gje nye elevar ei god mottaking.

Frida (7) og Birte (10) vart naturleg nok svært godt motteke i andre og femte klasse og rektor helste sjølv sagt også på dei.

Men det som gjorde særleg stort inntrykk både på dei og foreldra Albert-Ove og Randi M. Nybakk var at det like etter innmeldinga kom to tjukke konvoluttar med personlege velkomsthelsingar frå klassekameratane.

- Det er forsåvidt rutine at vi gjer det på denne måten, når vi får sjansen til det. Med det meiner eg at det må vera så lang tid frå innmelding til skulestart for dei nye elevane at vi kan gjennomføra eit opplegg som det i dette tilfellet, seier rektor.

For sin del overlet han oppfølginga til klasselærarane Aslaug Hjelmeland og Astrid Elisabeth Amundsen. Dei gjennomførte den altså på ein måte som har vekt positiv merksemd både her og der og som andre skuler vil

kopiera.

Haugland strekar under kor viktig det er med ein god kontakt med vedkommande skule før nye elevar kjem.

- Skulestarten blir på denne måten mindre skremmande for elevane enn den ellers ville ha vore. Ein slik prosedyre er positiv både for elevane, foreldra og for oss, sleg han fast.

Av Ola Matti Mathisen



Rektor Vidar Haugland tek i mot dei som skal begynne i første klasse til hausten. (Foto: Ola Matti Mathisen)